

Barne- og familiedepartementet (BFD)
Postboks 8036 Dep
0030 OSLO

Vår ref:
26/00515-2

Saksbehandler:
Kjersti Ramberg Movold

Dato:
21. september 2026

Høringssvar på forslag om kommunale botiltak med døgnbemanning ved omsorgsovertakelser m.m

Barneombudet viser til høringa nemnd ovanfor med frist 21. september 2026, og takkar for høvet til å kome med innspel. Barneombudet har tidlegare støtte ein breiare tiltaksvifte for barn som av ulike grunnar ikkje kan bu heime.¹ Vi har òg støtte utvikling av tiltak som kan bidra til at fleire barn kan få omsorg i heimkommunen sin, slik at dei kan oppretthalde stabilitet og nettverk sjølv om dei ikkje kan bu med foreldra sine. Eit kommunalt butiltak kan vere eit slikt tilbod, men vi ønskjer samstundes å framheve følgjande:

- Det må vere tydeleg kven som høyrer til målgruppa for butiltak, og kva barn butiltak ikkje er eigna for.
- Økonomiske insentiv skal ikkje påverke val av tiltak.
- Det er behov for tydelige krav til kvalitet, bemanning og kompetanse.
- Det er risiko for store kommunale skilnader.
- Det er behov for betre rettstryggleiksgarantiar.
- Staten må følgje utviklinga nøye.

Kommunale butiltak må ha ei tydeleg avgrensing av målgruppa

I høyringsnotatet beskriv departementet enkelte kjenneteikn ved gruppa barn som butiltak vil vere eigna for, og viser til at dette skal vere eit tilbod for barn og unge med meir moderate utfordringar enn det barnevernsinstitusjonar er berekna for. Departementet skriv òg at det er sett i gang eit arbeid med ein rettleiar som inkluderer kjenneteikn ved dei barna kommunale butiltak skal vere aktuelle for. Barneombudet meiner det er nødvendig med ei tydeleg avgrensing av målgruppa, for å sikre at eit kommunalt butiltak berre blir valt når dette er til det beste for barnet. Det bør gå fram kva behov, omsorgssituasjonar og livssituasjonar som kan tilseie at eit kommunalt butiltak er aktuelt, og ikkje minst kva barn tiltaket ikkje skal brukast for. Dette vil òg vere med på å hindre store skilnader i praksis mellom kommunane. Etter Barneombudet sitt syn bør departementet på nytt vurdere om det bør gå fram av lov eller forskrift kva barn tiltaket ikkje skal nyttast for.

Økonomiske insentiv skal ikkje påverke val av tiltak

Barneombudet merkar seg at departementet sjølv framhevar risikoen for at økonomiske insentiv kan påverke kommunane sitt val av tiltak. For Barneombudet er det avgjerande at valet av omsorgstiltak skjer ut frå barnet sine behov og kva som er til det beste for barnet, ikkje ut frå

¹Barneombudet 2024, [Høringssvar - Forslag til endring i barnevernsloven \(kvalitetsreformen\)](#)

økonomiske omsyn. Barneombodet er samd i at det ligg ein innebygd risiko for at økonomiske vurderingar får større betydning enn det som er ønskjeleg. I tillegg er det grunn til å tru at ein god del barn og foreldre vil ønskje butiltak framfor institusjonsplassering på grunn av nærleik til familie og miljø. Det vil truleg òg gjelde enkelte tilfelle der barnet treng hjelp og rammer utover det eit butiltak kan tilby. Vi er derfor uroa for om dei tryggingmekanismane som er foreslått er tilstrekkelege til å motverke at barn blir plasserte i butiltak i tilfelle der dette ikkje er til det beste for barnet.

Kommunalt butiltak ved flyttevedtak

Barneombodet støttar forslaget om at nemnda må vurdere om eit konkret kommunalt butiltak kan gi barnet forsvarleg omsorg. Men slik vi forstår det, regulerer forslaget berre tiltaksvalet på vedtakstidspunktet. Det bør klargjerast om dette inneber at eit barn kan flyttast inn i eit kommunalt butiltak ved eit flyttevedtak frå barnevernstenesta, jf. barnevernslova § 5-5. I så fall fell den rettstryggleiksgarantien som nemndsbehandlinga utgjer bort, med mindre vedtaket blir klaga på.

Behov for tydelege krav til kvalitet, bemanning og kompetanse

I forslaget til ny § 5-3 fjerde ledd står det at butiltaket må vere «fagleg og materielt i stand til å tilby barnet forsvarleg omsorg». Det er uklårt kva som ligg i dette. Det blir heller ikkje foreslått konkrete kompetansekrav til dei som skal arbeide i kommunale butiltak. Forskrifta legg opp til at kompetansebehovet i stor grad skal vurderast konkret for det enkelte tiltaket.

Forslaget gjeld tilfelle der barnevernet fattar akuttvedtak eller overtek omsorga for eit barn. Mange av desse barna har vore utsette for omsorgssvikt og traumatiske opplevingar. I tillegg er det ikkje alltid mogleg å avdekkje kva sårbarheiter og behov eit barn har før vedtaket blir fatta, og barnet sine utfordringar kan òg endre seg. Etter Barneombodet sitt syn tilseier dette at det bør stillast tydelege minimumskrav til fagkompetanse og miljøterapeutisk kompetanse utover det som følgjer av forslaget i dag. Det er utfordrande å vurdere korleis butiltak vil fungere når det ikkje er skildra kva kompetanse som blir kravd av dei som skal leie og bemanne dei. Manglande nasjonale kompetansekrav kan òg føre til betydelege variasjonar i kvaliteten på omsorga og oppfølginga barnet får.

Risiko for store kommunale skilnader

Barneombodet har over tid vore uroa for dei store skilnadene i tenestetilbodet til barn mellom kommunar. Forslaget om kommunale butiltak kan bidra til å gi enkelte barn eit lokalt forankra omsorgstilbod, men inneber òg ein risiko for auka skilnader. For det første kan det oppstå kvalitetsforskjellar mellom dei kommunale butiltaka, ettersom etablering, organisering og drift i stor grad vil vere opp til den enkelte kommunen. Variasjonar i kompetanse, kapasitet og økonomiske rammer kan føre til at barn får ulike omsorgstilbod.

For det andre er det ein risiko for at barn sin tilgang til dette tiltaket blir avhengig av kvar i landet dei bur. Departementet legg sjølv til grunn at tilbodet i hovudsak vil vere aktuelt for større kommunar eller kommunesamarbeid. Etter Barneombodet sitt syn er det viktig at staten følgjer utviklinga nøye for å sikre at ordninga ikkje bidreg til auka geografiske skilnader i barn sin tilgang til eigna omsorgstiltak eller i kvaliteten på tilbodet som blir gitt.

Behov for tydelegare rettstryggleiksgarantiar

Etter forslaget er ikkje kommunale butiltak eigna for ungdom med så omfattande utfordringar knytte til rus, psykiske lidingar eller kriminalitet at det er nødvendig å utøve tvang eller inngrep for å hindre at ungdommen skadar seg sjølv eller andre. Grenser skal etter forslaget setjast med heimel i omsorgsansvaret, jf. barnevernslova § 9 A-3, som tek til å gjelde neste år. Føreseigna regulerer òg bruk av milde former for fysisk makt. Det er likevel klart at det òg i butiltak kan

oppstå naudverje- eller naudrettssituasjonar der tilsette grip fysisk inn utover mild maktbruk. I ein barnevernsinstitusjon er dette enkeltvedtak som skal protokollførast, jf. barnevernslova § 10-16, jf. § 10-11. Forslaget inneheld etter det vi kan sjå ikkje tilsvarande krav. Det er eit spørsmål om forslaget i tilstrekkeleg grad sikrar at barnevernstenesta, tilsynsstyresmaktene og foreldre får kjennskap til og oversikt over bruk av makt. Dette kan mellom anna ha betydning for om tiltaket er det rette for barnet. Det er òg viktig å sikre at tiltaket straks varslar barnevernstenesta og andre relevante aktørar om alvorlege hendingar, slik at barnevernstenesta kan vurdere om barnet blir teke vare på ein forsvarleg måte og om det er nødvendig med andre tiltak.

Det er peika på i NOU 2023:24 *Med barnet heile vegen* at det er variasjon og usikkerheit når det gjeld kva tilsette har lov til å gjere for å verne barn i kraft av omsorgsansvaret. Det er avgjerande at alle tilsette i butiltak får tilstrekkeleg kunnskap om moglegheitene og avgrensingane i omsorgsansvaret, både for å sikre at barn ikkje blir utsette for fare, og at barna ikkje blir utsette for ulovleg tvangsbruk.

Slik vi forstår forslaget, er ikkje informasjon om klagerett for barn i butiltak regulert utover at barnet under tilsyn frå statsforvaltaren skal få informasjon om retten til å klage. Barneombudet er i tvil om dette vil sikre at alle barn i butiltak får tilstrekkeleg og tidsnær informasjon om retten til å få tvangsbruk vurdert av ein uavhengig instans, noko som kan vere avgjerande for om ulovleg tvangsbruk opphøyrer. Erfaringsmessig er det ikkje alle barn som gjennomfører tilsynssamtalar. Å få informasjon om klagerett veker eller månader etter ei hending vil dessutan ofte vere av mindre verdi. På det tidspunktet vil truleg mange barn ha lagt hendinga bak seg, og det vil ofte vere vanskeleg å klarleggje kva som har skjedd.

Staten må følgje utviklinga nøye

Barneombudet meiner at innføringa av kommunale butiltak bør følgjast tett gjennom systematisk nasjonal kunnskapsinnhenting og evaluering. Det bør allereie no gå fram så konkret som mogleg korleis dette skal skje.

Departementet peikar sjølv på risikoen for at økonomiske omsyn kan påverke tiltaksvalet, samstundes som ordninga i praksis vil vere lettare tilgjengeleg for enkelte kommunar enn for andre. Etter vårt syn bør staten følgje utviklinga nøye for å sikre at tiltaka blir nytta i tråd med barnet sitt beste, og for å motverke at barn sin tilgang til eigna omsorgstilbod blir avhengig av kommunen sin storleik, økonomi og kapasitet.

Med venleg helsing

Mina Gerhardsen
Barneombod

Kjersti R.Movold
Seniorrådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.